

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 18.10.2016 kl 19

**Desse møtte:** Sigmund Eiken, Lars Sæverhagen, Olav Bernt Strømsnes, Kenneth Vikane, Gunnar Dalseth, Kaia Gulbrandsen, Marit Huus, Una Eiken

**Referent:** Una Eiken

### **Sak 2016/63 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Ingen merknader

### **Sak 2016/64 Godkjenning av referat frå styremøte 13. September**

Ingen merknader

### **Sak 2016/65 Muntleg rapport frå Liv & Lyst konferansen.**

Reidun, Gunnar, Marna og Arjen reiste frå Herand. Liv & Lyst skal stimulera frivillig arbeid rundt i fylket. Er ein del pengar til ulike prosjekt ein kan søka under denne paraplyen. Gunnar hadde særleg merka seg gode prosjekt på Unneland, Jordalen og Skånevik. Herand bygdelag treng ein ny giv for å koma vidare. Vil prøva å henta inspirasjon frå Skånevik. Herand bygdelag bør søka midlar til eit prosjekt knytta til koordinering av utleige/servering.

### **Sak 2016/66 Evaluering haustmarknad**

Bra publikumsoppslutning. Godt sal av komlemiddagar. Litt fersk laks igjen, dette ønskjer ein å nytta til ein sundagsmiddag seinare,

Bruktmarknad – bra sal, men også ein del lopper att.

Total sal om lag 60 000,- rekneskapen er enno ikkje avslutta, så overskotet er ikkje klart.

Betalingsterminalen fungerte OK, også «handleskjemaet» fungerte, men er sjølv sagt basert på tillit.

### **Sak 2016/67 Forsikring av kulturhuset og meieriet, eventuelt skifte av selskap**

Gjensidige vil ikkje forsikra Meieriet, pga restaurantdrift forlangar dei sprinkleranlegg. Uaktuelt å installera. Meieriet er forsikra i If, men dersom avtalen ikkje dekkar restaurantdrift vil eventuell utbetaling bli redusert.

Dersom Meieriet skulle brenna ned er det uaktuelt å byggja oppatt, dermed må forsikringsordninga vurderast. Kramsjø er ansvarleg for innbuforsikring.

Innbuforsikring i kulturhuset er litt uklart, har kvart lag som har eigendelar i huset eiga forsikring?

Gunnar snakkar med Trym om forsikring av meieriet.

Sigmund sjekkar innbuavtale med Gjensidige.

Gunnar sjekkar forsikringa for utstillinga.

Me tar stilling til forsikring på neste møte.

### **Sak 2016/68 status for båtbyggjarnaustet**

Takreparasjonen vart litt dyrare enn tenkt, ein valde litt andre løysingar enn først tenkt. Men resultatet vart mykje betre !!

No kan dokumentasjon sendast inn til dei instansar som har lova pengar til prosjektet.

### **2016/69 Ferdigstilling av kjøkenprosjektet**

Det som står att er ventilasjon – alt vedteke

Nye lys i matsalen med demping

Kjølerom

Har nett fått tildelt 488 000,- i tippemidlar til kjøkenet / matsalen. Til saman har me fått rundt 1,2 mill til kjøkenet. Dermed er det fullfinansiert utan bruk av midlar frå bygdelaget.

Dokumentasjon for å få ut 80% av tilskotet er klart, resterande 20% vert utbetalt ved ferdigstilling og ferdig rekneskap.

### **Sak 2016/70 Utleigeavtalar med matservering i gymsal**

Søknad frå Herand Danselag for leige 28.05.17. Husreglement skal følgjast ved arrangement.

### **Sak 2016/71 Signaturfullmakt for bygdelaget (registrering i Brønnøysund) og rekneskapsførar**

Registrering i Brønnøysund er oppdatert med styremedlemmer.

Signaturfullmakt blit lagt til 2 stk i styret, nestleiar Kaia Gulbrandsen og leiar Gunnar Dalseth

### **Sak 2016/72. Eventuelt**

- Skilt ved skipshellaren. Brev frå Fylkeskommunen ved Solveig Lohne Rognved. Bygdelaget syter for oppsetting etter avtale med fylket. Gjerast på vårdugnaden.

- Bygdelaget har sagt ja til å skipe til Pubquiz på Kulturhuset fredag 25.11.16. «The Event Committee» v Kenneth set ned ein liten komite. Samarbeider med Jondal Bygdelag. Leiar søker skjenkeløyve.

- Vi betaler NRK lisens på Kulturhuset, vanskelig å kvitte seg med denne, men vi gir ikkje opp.

- Neste styremøte; planlegging av basar, planleggingsmøte for lag og org for 2017 og julegranpåtenning - tysdag 8. november kl. 19.00.